# Verksemdsplan

# 2016-17




## Verksemdsplan 2016 og utviklingsarbeid

Verksemdsplanen er overordna og samordnande plandokument for skulen og eit arbeidsverktøy for planarbeid, utviklingsarbeid og vurderingsarbeid. Planen er eit styringsdokument og retningsgjevande for den pedagogiske verksemda ved skulen.

**Verksemdsplan 2016-17 byggjer på føringar gitt i budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 Tenestemål og styringsmål**

**GENERELL DEL**

Toftøy skule er ein barneskule i Øygarden med 178elevar (pr. 01.08.2016). På SFO går det om lag 60 born. Skulen ligg sør i Øygarden og krinsgrensen er avgrensa til øya Toftøy. Besøks adressa til skulen er Skulebrekka 25.
Skulen består av «gamle bygget» frå 1964, «nybygget» frå 2007. Skulen har og ein Innføringsklasse med elevar som har grunnleggjande norskopplæring. Elevane kjem frå heile Øygarden

Administrativt personale:

| | |
|---|---|
| Rektor, avd.leiar og sekretær tilsaman | 2,0 stillingar |
| Pedagogisk personale: | 13,20 stillingar |
| Assistentar/fagarbeidar m/SFO leiar | 5,9 stillingar |

**Skulen har inneværende år også Innføringsklasser for flyktninger med 28 barn ved skulestart**

**Åpingstider ved skulen er slik:**

Sfo er open frå kl 07.00 til skulestart og frå kl 14. 00 til kl 17.00

**Kontoret ved skulen er bemanna måndag til fredag frå kl 8.00 – 15.30 Fredag 14.00**

## 1.0 OVERORDNA STYRINGSDOKUMENT

Læreplanen «Kunnskapsløftet» og opplæringslova med forskrifter er det overordna styringsdokumentet for grunnskulen i Norge. I tillegg kan departementet gjennom politisk nivå ( Stortinget) sende ut styringsrundskriv.

## 2.0 OVERORDNA KOMMUNALE / POLITISKE MÅLSETJINGAR

**Visjon for Øygarden kommune:**
Brubyggjaren – me byggjer bruer mellom folk.

**Fokusområde:** Brukarfokus, kompetanse og kvalitet.

**Verdigrunnlag:** Lojal, ærleg og raus.

**Tenestemål - Skule:**

- Sikra overgangen mellom barnehage og barneskule, barneskule og ungdomsskule, og mellom ungdomsskule og vidaregåande skule
- Vidareutvikle tiltak som vektlegg sunt kosthald og fysisk aktivitet.
- Arbeide for at grunnskulepoeng skal ligge stabilt på landsnittet eller over
- Etablere systematisk rettleiing for nye lærarar.
- Styrka lærarane sin kompetanse innan klasseleiing og vurdering for læring gjennom prosjektet «Læringsleiing»
- Etablere lærande nettverk på tvers av skulane som kan sikra kunskapsdeling og erfaringsoverføring.
- Sikra at alle skulane har eit forsvarlig system for å førebygge mobbing.

**Felles styringsmål for skulane**

| Styringsmål | Målemetode/Datakjelde | Siste Resultat | | Mål 2016 |
|---|---|---|---|---|
| | | Øygarden 2014 | Land 2014 | Øygarden |
| Sjukefråver | Kommunal statistikk; årsrapport | 7,20 | 9,8 | < 7 % |
| Samla arbeid-situasjon | Medarbeidarundersøking | 4,8 | 4,7 | 4,8 |
| Økonomistyring | Avvik budsjett; 100% = på budsjettet | 93,12 % | 100 % | |

***5.2.8.1 Barneskulane***

| Styringsmål | Datakjelde | Øygarden 2014/15 | Land 2014/15 | Mål 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Mobbing (skala 1-5), 7.kl. | Elevundersøking (1.0 er best) | 1,4 | 1,2 | 1,2 |
| Nasjonale prøvar, 5.klasse (Ny skala, nasjonalt gjennomsnitt = 50) | | | | |
| Lesing | Skoleporten | 49 | 50 | 50 |
| Engelsk | Skoleporten | 49 | 50 | 50 |
| Rekning | Skoleporten | 54 | 50 | 54 |

## 3.0 LOKALE MÅLSETJINGAR

Som utgangspunkt for revidering av våre utviklingsmål for Toftøy skule, gjennomførte personalet ved skulen en skulevurdering i januar 2016. Skulen nytta seg her av UDIR sin ståstedsanalyse.

Ut i fra denne analysen kom vi i felleskap fram til 4 utvalgte påstander som vi ynskte å fokusere vårt utviklingsarbeid om i komande periode

a) Vurderingspraksisen på vår skule bidrar til at elevane lærer meir 66/ 33
b) På vår skule er erfaringsutveksling mellom lærarane sett i system 50/50
c) På vår skule får alle elevane delta aktivt i vurdering av eigen kompetanse 50/50
d) Når skulen oppdager at einskildelevar har svak fagleg progresjon vert det raskt sett inn ekstra støtte for å komme i eit positivt læringsløp.62/3

| **MÅL** | **DETTE GJER VI VED Å** |
|---|---|
| • Betre vurderingspraksisen vår gjennom deltaking i UDIR prosjekt. | • Systematisk jobbing med tema vurdering i PU tid og på plandagar i komande skuleår |
| • **Bli betre på erfaringsutveksling innad på skulen** | • **Organisere systematiske team-møter og samlingar etter oppsett plan. Jobbe med intern** |

| | |
|---|---|
| | **delingskultur.** |
| • Fordele skulen sine samla ressursar på alle elevar uavhengig om dei treng spesialundervisning eller ikkje.<br><br>Bli betre på å fange opp elever som fell ut eller ikkje lærar å lese eller rekne etter normert tid.<br><br>Alle elevar sin rett etter §5.1 skal likevel ivaretakast | • **Opprette ressursteam og utforske korleis teamet kan få til betre fordeling av ressursar. Utvikle lokal kompetanse på tilrettelegging for alle**<br>• **Kartlegge og følgje opp desse resultata.**<br>• **Alle oppmeldingar vurderast av Ressursteam før ein evt. melder opp til PPT** |
| • Bli enda betre på å møte alle elvar på deira sosiale og faglege nivå | • Jobbe vidare med opplæringstiltak/ skaffe oss meir kompetanse knytta til elevar med særskilde behov.<br>• Ha kompetente og fagleg dyktige lærarar og andre tilsette. – Statlege utdanningsstipend.<br>• Søke å gi god kursing og utdanning også til alle tilsette. Krav om at assistentar skal ta fagopplæring BUA |
| • Utvikle skulen «musiske/praktiske fag» | • Månedlige kor/ sang samlingar gjennom heile året.<br>• Temaveke med praktisk estetiske oppgåver på tvers av klassetrin |

## 4.0 HMT OG ØKONOMI

Det er Toftøy skule sin målsetjing at alle skal trivast på arbeidsplassen sin. Dette følgjer vi opp gjennom gode rutinar og gode mellommenneskelege haldningar. Vi kan gjerne rose kvarandre for godt utført arbeid.

Kommunen har satt eit måltal på minimum 93 prosent nærvær (7 prosent fråvær )

**Målepunkt:** Fråværsstatistikk som vert sendt ut kvar månad
Sette i verk positive tiltak på eigen eining både i og utanfor arbeidstid

**Økonom**i : Halde vedtekne budsjett

.

## 5.0 KOMPETANSEUTVIKLING/ETTERUTDANNING

Lærarar og alle tilsette ved Toftøy skal få tilbod om kurs og vidareutdanning. Utgangspunktet er skulen sitt behov for kompetanse.

Ved Toftøy skule er det ei målsetting at alle skal være fagleg kvalifiserte. For assistentar gjeld at skal alle ny-tilsette og dei som skal jobba fleire år framover i skulen ha BAU utdaning.

Intern rettleiing og opplæring av nye lærarar og andre tilsette

Samarbeide med ulike fagmiljø (NLA og HIB eller andre miljø)

Avtale og gjennomføre "galleri runder" på andre skular lokalt og nasjonalt

Søke samarbeid med europeiske skular gjennom for eksempel Comenius/ SIU / e. Twinning, el.

## 7.0 INFORMASJONSTILTAK

Skulen har eigen nettside der ein legg ut informasjon også på klassenivå. www.toftoy.skule.no Skulen nyttar SMS teneste for varsling til føresette.

August 2016

Arne Petter Solberg
Rektor